

Til røyrleggjarar og entreprenørar som søker om VA i Sveio kommune

Nedanfor følgjer informasjon om søknad om tilkopling til kommunalt vatn og avløp og korleis ein søker om løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn i Sveio kommune. Dette for å gjera arbeidet lettare både for dykk som søker og for Sveio kommune som skal handsama desse søknadene.

Sveio kommune har utarbeidd digitale skjema som skal brukast, og alle skjema er tilgjengelege på heimesida til Sveio kommune under [søknadssenter og tekniske tenester > vatn og avløp](#)

Søknad om tilkopling til kommunalt/offentleg vatn og/eller avløp

Når ein søker om tilkopling til offentleg vatn og avløp, skal ein samstundes sende inn røyrleggjarmelding med kart som viser planlagt tiltak.

Alt arbeid skal utførast i samsvar med VA norm for Hardanger & Sunnhordland, datert 03.mars 2021.

Alt arbeid, både for offentleg og privat VA, skal utførast i samsvar med normalreglement for sanitæranlegg, administrative og tekniske bestemmelser.

Den som utfører arbeidet skal ha godkjent ADK1 sertifikat.

Alle nye tilkoplingar i Sveio kommune skal etter 1. januar 2021 ha vassmålar. Vassmålar blir levert ut til ansvarleg røyrleggjar av kommunen. Kontakt mobilnr: 915 38 730 for å avtale utlevering.

Søknaden skal vera godkjent og tilkoplingsavgifta skal vera betalt før vassmålar blir levert ut.

Installasjon av vassmålar skal gjerast av ansvarleg røyrleggjar i samsvar med kommunen sine retningslinjer. Kostnad med sjølve vassmålaren blir dekkja av kommunen. Kostnad med installasjonen skal dekkjast av tiltakshavar.

Når tilkoplingsavgift er betalt og ein er kopla på, skal ein sende inn ferdigmelding og kart over tiltaket. Ein skal også leggje ved foto av arrangement med installert vassmålar i ferdigmeldinga.

Søknad om løyve til utslepp av sanitært avløpsvatn etter kap. 12 og 13 i forureinsingsforskrifta

Før etablering av nye utslepp og før det blir gjort endringar i eit tidlegare gitt løyve må det søkjast om løyve. Dersom eit eksisterande anlegg blir erstatta med eit identisk anlegg er det ikkje krav om søknad, men dersom anlegget blir endra må det søkjast.

Sveio kommune har nyleg vedteke nytt [sonekart med rettleiing](#) som er å finna på same nettsida som dei digitale skjema. Sonekartet viser kva krav til utslepp som er gjeldande i dei ulike delane av kommunen.

Krav til søknad ved søknad om løyve til utslepp:

- Søknadsskjemaet til Sveio kommune skal brukast.
- Det er krav om å nytta fagpersonar med rett kompetanse til prosjektering av avløpsanlegget. Dersom det skal knytast fleire einingar til anlegget skal dette gå klart fram av søknaden.
- Valt anleggstype skal dokumenterast.
- Plassering av anlegg og leidningar skal visast i kart som vedlegg til søknaden.
- Nabovarsel.
- Det må søkjast om løyve til etablering av avløpsanlegget, jamfør § 20-3 i plan- og bygningslova.

- Dersom avløpsleidningen skal gå til sjø må det søkjast til Karmsund Havnevesen om godkjenning av tiltak i sjø etter at godkjenning etter plan- og bygningslova er gjeve av Sveio kommune. Ein må senda kopi av vedtaket frå Sveio kommune.

Etablering av nye VA-anlegg og vesentleg endring eller reparasjon av eksisterande VA-anlegg er søknadspliktige etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-2 jf. 20-1 bokstav a og b. Det er krav om at det blir nytta ansvarlege føretak til søknad, prosjektering og utføring av slike tiltak, jf. pbl § 20-3. Nokre tiltak vil krevja dispensasjon, til dømes om tiltaket ikkje er i samsvar med det gjeldande arealføremålet eller kjem i strid med byggeforbodet i strandsona. Ta gjerne kontakt med byggesaksavdelinga for å få ei vurdering av søknadsplikt og eventuelle krav om dispensasjonar.

Ved søknad om tiltak må følgande dokumentasjon sendast inn:

- Blankett 5174 *Søknad om løyve til tiltak*
- Blankett 5175 *Opplysningar om ytre rammar*
- Blankett 5155 *Opplysningar gjeve i nabovarsel*
- Blankett 5156 *Kvittering for nabovarsel*
- Blankett 5181 *Erklæring om ansvarsrett*
- Blankett 5185 *Gjennomføringsplan*
- Situasjonsskart som syner plasseringa av tiltaket. Det må førast på målsett avstand til nabogrense og bygningar som ligg i nærleiken.
- Målsette teikningar og beskriving av tiltaket.
- Om tiltaket medfører endringar av terrenget må det sendast inn terrengprofilar som syner eksisterande og nytt terrengnivå.
- Eventuelle dispensasjonssøknadar.

Når tiltaket er ferdigstilt må det sendast inn søknad om ferdigattest. Blankett 5176 *Ferdigattest* kan nyttast til dette. Tiltaket kan ikkje bli tatt i bruk før det føreligg ferdigattest eller mellombels bruksløyve frå kommunen.

Spørsmål som gjeld søknader eller andre tilhøve knytt til vatn og avløp kan rettast til:

[Anne Therese Haukås](#) – kommunalt vatn og avløp

[Tore Johan Enerstvedt](#) – kommunalt vatn og avløp

[Åshild Irene Lie](#) – privat avløp

[Åge Mikael Hjellevad](#) – løyve til etablering av avløpsanlegg